ALVER
KOMMUNE

Vest Vvs As
Torvhusmyrane 18
5913 EIKANGERVÅG

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: | Linda Hammersvik Folkestad | 18.08.2023 |
| Vår: 23/6121 - 23/64321 | linda.folkestad@alver.kommune.no | |

# Svar på spørsmål om på kopling til kommunalt vatn - Gbnr 212/46 Eikanger øvre

Alver kommune ved Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning viser til e-post datert 16.08.2023.

Det skal være mogleg å knytte seg på i kommunal kum på Gbnr 212/19.
Dersom ein skal søkje om løyve til å knytte seg på kommunalt vatn i kummen, skal tinglyst rett til å legge privat leidningsstikk over Gbnr 212/19 leggast ved søknad. Kommunen sin rettar vil ikkje gjelde for private leidningar.

Det skal også ligge føre rett til å legge leidning i sjø. Dokumentasjon på at slik rett er innhenta, skal leggast ved søknad.
Søknad om å få legge leidning i sjø må sendast til Bergen og Omland Hamn AS.

Dersom fleire skal knytte seg på sjøleidninga, skal tilknytinga være i ei kum på land. Det er, i Alver kommune, ikkje tillate å etabler an boring i sjø. Dersom fleire eigedomar skal ha leidningsnettet felles, må det inngåast avtale om felles solidarisk ansvar. Denne avtalen skal være tinglyst og kommunen skal ha kopi av denne.

Miljø og tilsynsavdelinga må svare på spørsmål som gjeld utslepp. Ved søknad om tilknyting til kommunalt vatn må det dokumenterast at eigedom har godkjent utslepp.

Med helsing
Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

| | |
| --- | --- |
| Torkjell Holm Brenna | Linda Hammersvik Folkestad |
| Avdelingsleiar | Ingeniør |

**Alver kommune**
Postboks 4, 5906 Frekhaug | post@alver.kommune.no | Kontonummer: 3207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 | www.alver.kommune.no | Organisasjonsnummer: 920 290 922

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Vest Vvs As | Torvhusmyrane 18 | 5913 | EIKANGERVÅG |